

Lindås Turlag
c/o Håkon Vabø Kolåsvegen 115
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10161 - 20/30877

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:
26.05.2020

Løyve til helikoptertransport i utmark - GNR 107 Kolås

Administrativt vedtak: Saknr: 538/20

VEDTAK:

Med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og Lov om forvaltning av naturens mangfold gjev Alver kommune med dette Lindås Turlag løyve til helikoptertransport frå opplyst punkt i søknad (Gnr 107 Kolås) til dei plassar i stinettet steinen skal transporterast. Løyvet skal oppbevarast i helikopteret under oppdraget. Løyvet gjeld fram til 30.juni.

Saka gjeld

Lindås Turlag jobbar med oppgradering av turstinettet rundt Kolåstoppen på Lindås. No ynskjer dei transport av stein, ca 30 hiv med helikopter, frå punkt synt i vedlagt kart og opp i stinettet.



Regelverk

Alver kommune har vurdert søknaden etter:
Lov om motorferdsel i utmark
Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark
Naturmangfald lova

VURDERING:

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Det er ikkje kjende registreringar lokalt av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde. Transporten skal skje i eit avgrensa tidsrom i denne veka mellom punkt avmerka i vedlagt kart og fram til området dei jobbar i stinettet rundt Kolåstoppen. Naboar vert varsla. Terrenget er utfordrande og transport er sær tungvint og tidkrevjande utan helikoptertransport. Turstinettet til Kolåstoppen er sær populært turområde og ein vitig bidragsytar til god folkehelse og trivand. Altså er det store samfunnsinteresser i at arbeidet vert utført. Vår vurdering er at det føreligg særleg grunn for dispensasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/10161»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås Turlag

c/o Håkon Vabø
Kolåsvegen 115

5955 LINDÅS

